



Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989

Mob Arne Kjetil: 920 86 035

## Til hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk.

Vedrørende søknad om naust, kai, flytebryggje og parkeringsplass på Gnr: 25 Bnr: 14 m.fl.

Innspel til saka og ynskje om synfaring.


Heile Akstadneset i Hauglandsvågen har naust, kaiar, flytebryggjer og alt som høyrer naturleg med i eit levande naustmiljø både på nordaustsida og sørvestida av neset. Fylkesmannen malar i sitt brev dagsett 22.05.2018 eit bilete som er vel svart i forhold til realiteten. ¼ av nausta ligg på sørvestsida og sjølv om det er rett att det er mindre inngrep i strandsona på sørvestsida, vil dei planlagde nausta kome mellom to andre naust (med kai), noko som gjer att det vil verte eit naturleg inngrep i slikt miljø. Fylkesmannen tar og omsyn til ein plan som er under utgreiing framfor ein kommuneplan som er og har vore gjeldande sidan 2011. Å leggje vekk omsyn til planar som er gjeldande til fordel for planar som er under utgreiing må vere noko spesielt og ikkje kvardagsleg, det hadde gjort samtlege byggesaker noko komplisert.

Uansett er den delen av tiltaket som gjeld kai og flytebryggje framleis i strid med kommuneplanen. Faren for pressedens er og peika på, men i denne saka spesielt må det takast omsyn til:


- Plassering i eit aktivt naustmiljø innanfor arealføremål; Naust.
- I dag er ikkje dette arealet på noko måte tilgjengeleg for ålmenta, det er kratt og steinur/bratt berg, om tiltaket vert gjennomført med kai og flytebryggje vil det gange alle som ferdast i 100m beltet.
- Brådjupne rett framfor naustet gjer att båttopptrekk vil vere lite hensiktsmessig.
- Utfordringa med att alle har båttopptrekk vil føre til att samtlege båtar må ligge på ile med tau til land, her blir 14 naust på eit nes noko som vil føre til mildt sagt kaos og i dårleg vær; fare.
- Når det gjeld faren for pressedens i dette konkrete området (Akstadneset) er rettighetane datert tilbake til utskiftinga og 1889 tilnærma fullt utnytta.
- Når det gjeld punktet der Fylkesmannen skriv «vi viser til att det er mange naust i naustområdet utan kai og flytebryggje og mange som ynskjer seg dette», er dette eit punkt ein kunne skreive mykje moro rundt, men strengt tatt kan ikkje dette vere basert på ei konkret fagleg vurdering av faren for pressedens i området, med mindre dei har meir innsikt i kva folk i Akstadneset ynskjer seg enn oss andre.

Alt i alt vil det vere ein stor fordel om hovudutvalet hadde moglegheit å komme på synfaring der ein i fellesskap kunne kikka på utfordringane som er peika på av fylkeskommunen og ikkje minst dei positive sidene med tiltaket. Det lar seg vanskeleg beskrive godt nok på papir eller i kartet.

Bøvågen 06.06.2018



Før tiltakshavarar: Jørund Haugland

  
Ansvarleg søkar: Marius Terndal



Hella 60

5936 Manger